



MØTEPROTOKOLL

Utval:	Formannskapet
Møtedato:	19.02.2026
Møtetid:	14:30 - -15:00
Møtestad:	Austrheim samfunnshus, Kafeen

Frammøtte faste medlemmer

Namn	Rolle	Parti	Merknad
Morten Sognnes	ordfører	H	
Per Lerøy	varaordfører	AP	
Hege Ramsland	medlem	H	
Ann Kristin Leirvåg	medlem	AP	
Bjørn Inge Håland Dyrkolbotn	medlem	SP	

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Ketil Tjore	møtesekretær
Britt Mary Skaalevik Lerøy	kommunedirektør
Odd Harald Dommersnes	økonomi- og HR sjef
Bjarte Rosenlund	kommunalsjef

Møteprotokollen vert publisert på kommunen si nettside. Den er mellombels godkjent av utvalsleiar eller ordførar i etterkant av møtet, og vert endeleg godkjent i neste møte.

Ketil Tjore

Møtesekretær

Sakliste

Saksnummer	Sakstittel	Unntak frå innsyn
PS 9/2026	Godkjenning av innkalling og sakliste	
PS 10/2026	Godkjenning av møteprotokoll frå 29. januar 2026	
PS 11/2026	Gebyrregulativ VA 2026	

PS 9/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent.

Sak 9/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 19.02.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 9/2026 Godkjenning av innkalling og sakliste
Formannskapet - 19.02.2026

Innkalling og sakliste vert godkjent.

PS 10/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 29. januar 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:
Møteprotokollen frå 29. januar blir godkjent.

Sak 10/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 29. januar 2026
Formannskapet - 19.02.2026

Handsaming:

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:
Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

Vedtak i sak 10/2026 Godkjenning av møteprotokoll frå 29. januar 2026

Formannskapet - 19.02.2026

Møteprotokollen frå 29. januar blir godkjent.

PS 11/2026 Gebyrregulativ VA 2026

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegg til gebyrregulativ for vatn, avløp og slam for 2026 slik det ligg føre.

Sak 11/2026 Gebyrregulativ VA 2026

Formannskapet - 19.02.2026

Handsaming:

Sakshandsamar Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen og kommunalsjef Bjarte Rosenlund gjorde greie for saka, jamfør saksutgreiinga med vedlegg.

Per Lerøy (Ap) spurte om auken, og viste til at vatn går mykje opp med avlaup ikkje går opp like mykje. Størkersen svara at det skuldast behovet for investeringar og vedlikehald innan vatn.

Kommunedirektør Britt Skaalevik Lerøy kom med eit vedtakstillegg: "Årsgebyret fordeles på 12 terminar. Ved målt forbruk innkrevjast forbruksgebyret a-konto dei 11 første terminane og ved avrekning i 12. termin." Det fekk støtte av formannskapet.

Ordførar Morten Sognnes (H) refererte framlegget til vedtak.

Handsaming i utvalet:

Samrøystes for kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, med tillegget frå kommunedirektøren i møtet.

Vedtak i sak 11/2026 Gebyrregulativ VA 2026

Formannskapet - 19.02.2026

Austrheim kommunestyre godkjenner framlegg til gebyrregulativ for vatn, avløp og slam for 2026 slik det ligg føre. Årsgebyret fordeles på 12 terminar. Ved målt forbruk innkrevjast forbruksgebyret a-konto dei 11 første terminane og ved avrekning i 12. termin.